

Julemøte i Time historielag 3. desember 2024

Historielag-leiar Tarald Oma kunne nok ein gong ynskja velkomen i fullsett sal på Undheim samfunnshus, denne gong til julemøte.

Etter Prøysen si «Julekveldsvise» som allsong, fekk Green Sax ordet og tonen, og dei gledde oss med både Tobias Skretting, svingande rytmar og Brorson-salmen «Mitt hjerte alltid vanker».

Mette Tveit er migrasjonshistorikar og konservator ved Stavanger museum, og var i kveld invitert for å snakka om «Juleskikkar i det norske Amerika». Ho er Karmøybu og har forska på emigrasjon frå Karmøy til Amerika, og fortalde at 1 av 4 Karmøybuar reiste til Amerika på 1800-talet. Migrasjonskulturen var ulik i dei ulike Karmøybygdene, t.d. reiste mange frå Åkra, men ingen frå Vea. Faktorar som det å ha nokon å reisa til i Amerika, eventyrlyst, økonomi og migrasjonskulturen i dei ulike familiane og bygdene medverka til om folk reiste eller ikkje. Mette Tveit si namnesyster og «formor» Metta Tveit tok over heimegarden då syskena emigrerte. Metta var sjølv livredd for at nokon av hennar egne 9 born skulle emigrera, og ved høgtlesing av dei årlege nostalgiske julebrev fra amerikasykskena sine i fiskarbyen New Bedford passa ho på å utelata det ho oppfatta som «amerikareklame».

Me fekk høyra morosame historiar og sjå mange fine gamle bilete på storskjerm, både av folk og tradisjonar. Mette Tveit har intervjuar 39 av amerika-slektningane sine om deira norske favoritt-juletradisjonar, og fann fleire fellesnemnarar. 3 typar julemat er framleis tradisjon: Krumkaker, store kranssekaker og heimebakt lefse. Dei har norsk juleduk på bordet, går i kyrkja i jula, og syng julesongar på norsk (særleg «Deilig er jorden»). Dei nemner óg lutefisk, sjølv om denne tradisjonen er i minkande bruk (men aukande hjå vest-afrikanarar i Amerika!), dei norskætta har derimot stigande bruk av norsk laks, særleg røykelaks, som dei reknar som norsk luksusmat. Norskamerikanarane heldt lenge på tradisjonen med å laga julegåvene sjølv, men vart jo etterkvart påverka av amerikanarane som kjøpte gåvene.

Mette Tveit kom også inn på importerte amerikatradsisjonar på Karmøy: Dei som vendte heim hadde med mykje gildt i amerikakistene sine, m.a. «amerikakjolar» til jentene. Dei tok med seg heim sine amerikanske bilar, amerikanarane si storstilte julepynting med lyslenker inne og ute, og det var fast kvar jul å ha juletelefonsamtale med slektningane i New Bedford. Men julenissen var noko anna enn St.Claus: Langt mindre skummelt var det for dei små at St.Claus tok turen ned skorsteinen natt til 25.12 og fylte julestrømpene, enn det å måtta helsa på og få gåver frå den maskerte alvorlege julenissen julekvelden. Mette Tveit vart takka av Tarald Oma og fekk med seg heim Årboka 2024 der ho vil finna jærsk emigrasjonshistorie i fleire kapittel.

Så var det tid for kaffipause med riskrem og julebrød, drøs og sal av årbøker og årer i kveldsotteriet. Andre økta åpna med Prøysen sin «Romjulsdrøm» før Green Sax entra scenen med lun humor og sine julepolerte mjukt klingande messinginstrument, trommer, gitar og piano, og attpåtil song! Repertoaret deira er breidt, og appellerer både til danseføter og åndelege kjensler.

Fast innslag på julemøta siste året har vore høgtlesing og juleminne v/ Marit Rommetveit Staveland. I år fekk me høyra kva Torvald Tu skriv om i ei av dagbøkene sine: «Jul og nyttår i Moseberghagen» i 1944/45: Von for framtida i «fredssvolten krigstid», og mildver midtvinters som om det var april, med kusymre-knoppar klare til jul.

Torvald Tu skriv om særskjærkomne mat-gåver han og sambuar Trygve Stangeland fekk frå alle sine gilde vener og naboar, m.a. «snille fru Jørstad» og «Serina hans Sigvald» med «drustelege sendingar». Så slo det om til ringt ver like før nyttår med vind og regn, torever, snø og frost, og me fekk høyra både om den eldkjære og formeiringsivrige pusen i Moseberghagen og om lektor Jonsbråten og Bryne damekor som framførte to Tu-songar på juletreffesten i Festiviteten. Marit runda av den gilde opplesinga med det same som Gudrun Laland gjorde i Festiviteten januar 1944, å lesa Torvald Tu sitt nydelege dikt «I solskinslag».

Tarald Oma orienterte om historielagmøta framover, det første vert 7.januar når Tom Hetland fortel frå Amerikaturen han hadde til norske emigrantar der vest, og me fekk informasjon om historielaget sin planlagde juni-busstur «Kultur og natur i Ryfylke». Trekninga i kveldsotteriet gledde mange som kunne reisa heim med både juleknask, juleblomar og eksklusiv torv til julekveldsfyringa.

Kvelden vart runda av med smektande tonar frå Green Sax og til slutt «Det lyser i stille grender» i samspel og allsong.

Referent: Karen Time